



## Innkalling til Valstyret

**Møtedato:** 29.03.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 13.00

Medlemmene i kommunestyret vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

### Sakliste

Saknr	Tittel
01/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2017	Godkjenning av møtebok
03/2017	Referatsaker
04/2017	Fastsetjing av røystetid og røystestader ved stortings- og sametingsvalet 2017
05/2017	Fastsetjing av tid og stad for utlegging av manntal
06/2017	Val av røystestyre
07/2017	Oppnemning av røystemottakarar
08/2017	Fastsetjing av tid og stad for førehandsrøysting
09/2017	Fastsetjing av tid og stad for førehandsrøysting på institusjon
10/2017	Fastsetjing av frist for å framsetje krav om å få røyste til ambulerande røystemottakar

18. april 2017

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Helene Hilland  
konsulent

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/262

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		17/262

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Godkjenning av møtebok frå møte 01.06.2016

### Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 01.06.2016

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 01.06.2016 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		17/262

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
03/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2017.1	Høyring - Endringar i valgforskrifta
03/2017.2	Høyring - Endringar i forskrift om valg til Sametinget
03/2017.3	Brev om registrering av de ansvarlige for valggjennomføring 2017
03/2017.4	Elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen
03/2017.5	Vedtak om todagersvalg etter valgloven § 9-2

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 011	17/151

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
04/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Fastsetjing av røystetid og røystestader ved stortings- og sametingsvalet 2017

### Vedlegg:

Stortingsvalget og sametingsvalget 2017 - fastsetting av valgdag

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 09.03.17 at ein skal oppretthalda krinsane slik det har vore ved dei siste vala, dvs 6 krinsar.

Det er valstyret som fastset tidsrom og kvar røystegjevinga skal gå føre seg. Røystegjevinga skal gå føre seg i eigna og tilgjengeleg lokale. Veljarane skal kunne ta seg inn i vallokala utan hjelp.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for røystegjevinga.

Ved tilegare val har røystetid og røystestader vore slik:

#### Røystetid:

måndag kl. 12:00 – 20:00.

#### Røystestader:

Flatøy krins	Flatøy skulehus
Grasdal krins	Grasdal skule
Sagstad krins	Meland Aktiv
Vestbygd krins	Vestbygd skule
Rosslund krins	Rosslund skule
Husebø krins	Nordavinden (tidl. Husebø bedehus)

#### Konklusjon

Utbygging på Grasdal skule ser ut til å halde tidsplan og skal vere ferdig til skulestart. Det ser ikkje ut til å vere problem knytt til å nytte gym.salen som røystelokale. Uteområde med parkeringsplassar skal og vere ferdigstilt.

Sjølv om det på Sagstad skule etter utbygging vert eit stort lokale på ca 400 kvm, så er det knytt ein del usikkerheit om ferdigstilling av lokale og uteområdet for parkering. Det er svært uheldig å måtte

flytte eit røystelokale i siste liten. På valkortet vil det stå kvar ein skal røyste, og det krevs mykje informasjon dersom ein skal gjere endringar.

Vi har god erfaring med å nytte Meland Aktiv som røystelokale i Sagstad krins. Storsalen er eit godt eigna lokale og vi har blitt møtt med velvilje og god hjelp til praktisk tilrettelegging.

**Framlegg til vedtak:**

**Røystetid:**

måndag kl. 12:00 – 20:00.

**Røystestader:**

Flatøy krins	Flatøy skulehus
Grasdal krins	Grasdal skule
Sagstad krins	Meland Aktiv
Vestbygd krins	Vestbygd skule
Rosslund krins	Rosslund skule
Husebø krins	Nordavinden (tidl. Husebø bedehus)

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 011, FE - 012	17/200

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
05/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Fastsetjing av tid og stad for utlegging av manntal

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Valstyret skal leggje manntalet ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere. Manntalet skal liggje ute til og med valdagen jf. Vallova § 2-6-.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegging av manntal og opplyse om høve til og framgangsmåten for å krevje feil retta opp.

#### Framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner at manntalet for alle krinsane vert lagt ut på følgjande stader:

Rådhuset på Frekhaug  
Frekhaug bibliotek  
Rosland bibliotek

Manntalet skal leggjast ut til offentleg ettersyn så snart det let seg gjere og skal liggje ute til og med valdagen.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 011	17/196

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
06/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Val av røystestyre

### Vedlegg:

Oversikt over medlemmer i røystestyret 2015

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 08.03.17 sak 12, å oppretthalde 6 røystekrinsar ved stortings- og sametingsvalet 2017.

Dersom røystegjevinga skjer på fleire stader i kommunen, skal denne i samsvar med vallova § 4-2 administrerast av eit røystestyre på kvar stad.

Til kvart røystestyre må det veljast minst 3 medlemmer. Ein kan supplere med valfunksjonærar etter behov. Det følgjer av lova at røystestyret har ansvar for at avviklinga av valet skjer i samsvar med reglane i vallova og valforskrifta. Røystestyret kan sjølv utføre alle oppgåvene som gjennomføringa av valet fører med seg. Lova pålegg likevel ikkje røystestyret å utføre alle oppgåvene sjølv. Det er heller ikkje eit krav i lova at alle som utfører oppgåver i vallokalet, skal vere medlemmer i røystestyret med mindre dei blir oppnemnd til det.

Kommunen kan engasjere assistentar som skal hjelpe til med gjennomføringa av valet. Desse assistentane kan t.d. vere kommunalt tilsette, studentar, skuleelevar og pensjonistar. Oppgåvene deira kan t.d. vere å gje praktisk rettleiing til veljarane. Dei kan krysse i manntal, stemple røystesetlar og sjå til at veljaren legg røystesetelen i urna. Dei kan vere med på oppteljing, men det er røystestyret som har ansvar for å føre møtebok og protokollere det som skjer i røystelokalet.

Kommunelova sine reglar om val av nemnder gjeld også for val av røystestyre. Tidlegare regel om at det til røystestyre i hovudsak bør veljast personar som bur i røystekrinsen, gjeld ikkje etter vallova.

Kandidat som er oppført på ei vallikste, kan ikkje oppnemnast til røystemottakar eller valfunksjonær i vallokalet. Dette er mest aktuelt ved kommunestyre- og fylkestingsval.



**Konklusjon**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak. Vedlagt er oversikt over røystemottakarar ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015.

**Framlegg til vedtak:**

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 011	17/197

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
07/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Oppnemning av røystemottakarar

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Førehandsrøysting skal vere på rådhuset. Tilsette i adm.stab rådmann vil verte oppnemnd som røystemottakar ved førehandsrøysting. Det må og oppnemnast røystemottakarar til røysting på sjukeheimen og ved ambulerande røysting.

#### Framlegg til vedtak:

I samsvar med vallova § 8-2 første ledd bokstav a, oppnemner valstyret følgjande røystemottakarar til førehandsrøysting etter kap. 8-2:

Torill Bjerke  
Bente Øyjordsbakken  
Anette Tangen Fredriksen  
Rita Sætre  
Merete R. Fløysand  
Heidi Veland  
Kristin Wenneberg  
Guro Osnes  
Irene Rydland  
Kristin Moe  
Kari Anne Iversen  
Randi Hilland  
Kathrine S. Brakstad  
Vivian Olsvoll  
Reidun Iden Lædre  
Grethe Lindøen

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 011, FE - 012	17/201

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Fastsetjing av tid og stad for førehandsrøysting

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Førehandsrøysting vert i Meland rådhus. Nøyaktig plassering er enno ikkje teke stilling til. Ved dei siste vala har det vore i resepsjonen, men det har vist seg ikkje å vere uproblematisk å ha førehandsrøysting der. Ein vil sjå nærare på om det kan finnast ei meir høveleg plassering der krav til hemmeleg val og omsynet til veljar vert betre ivareteke (Vallova § 8-3 (1)).

Ved dei siste vala har det vist seg at det er nyttig å halde ope til kl. 19.00 siste veka. Førehandsrøystinga skal avsluttast fredag 8. september kl. 15.30. Ved førehandsrøysting innanriks skal det frå 10. august vere minst 2 røystemottakarar til stades ved mottak av førehandsrøyster.

Valstyret skal leggje til rette for at veljarar som vender seg til kommunen i perioden 1. juli til 9. august skal få røyste. Ved tidlegrøysting er det ikkje dei same krava, og kan truleg framleis vere i resepsjonen i kommunen si opningstid.

#### Konklusjon

Alternative løysingar for førehandsrøysting frå 10.08. – 08.09.17 må vurderast nærare.

#### Framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner at førehandsrøysting skal føregå i

Meland rådhus på Frekhaug

torsdag 10. august til fredag 8. september **kl. 08.00 – 15.30**

laurdag 2. september **kl. 10.00 – 14.00**

#### Utvida opningstid

Måndag 4. september til torsdag 7. september **kl. 08.00 – 19.00**

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 011, FE - 012	17/202

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Fastsetjing av tid og stad for førehandsrøysting på institusjon

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Førehandsrøysting kan føregå på institusjon jf vallova § 8-3 pkt. 2, bokstav a. Bebuarar i omsorgsbustadane på Rosslund kan røyste ved ambulerande røysting. Dette er ei ordning som har fungert godt og som vi vil vidareføre ved dette valet.

### Framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner at førehandsrøysting skal føregå på Meland sjukeheim

onsdag 6. september frå kl. 10.30 – 12.30.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 011, FE - 012	17/204

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
10/2017	Valstyret	PS	29.03.2017

## Fastsetjing av frist for å framsetje krav om å få røyste til ambulerande røystemottakar

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Veljarar som på grunn av sjukdom eller rørslehemming ikkje kan røyste der det vert halde førehandsrøysting eller på valdagen, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei oppheld seg jf. Vallova § 8-3, sjette ledd.

#### Framlegg til vedtak:

Valstyret godkjenner at frist for å framsetje krav om å få røyste til ambulerande røystemottakar vert sett til

onsdag 6. september 2017.